



Til
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
v/Statsråd Heidi Grande Røys
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Kinsarvik 27.06.08


HØYRING NOU 2007: 12 OFFENTLEG INNKREVJING.

Hardangerrådet IKS er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Representantskapet er Ordførarane. Regionråda i Noreg er ikkje formell høyringsinstans for Offentlege utgreiingar og Hardangerrådet har derfor ikkje fått høve til å gi inn synspunkt til NOU 2007: 12 med høyringsfrist 02.06.08.

Representantskapet i Hardangerrådet hadde møte 20.06.08 og tillet seg å gi slik uttale til NOUen om offentlig innkrevjing:

”Hardangerrådet er i prinsippet usamd i å svekka kommunane sin kompetanse ved å sentralisera kommunale oppgåver til statleg kontrollerte organ. Erfaringane med den kommunale skatteinnkrevjinga er gode, med høg løysingsgrad og god brukarservice. Kommunane organiserer dette på ein god måte åleine eller i interkommunalt samarbeid. Innføringa av ein statleg innkrevjingssentral vil svekka innkrevjingssmiljøet i kommunane og gi dårlegare service for brukaren. Me ser med uro på at oppretting av ein slik statleg sentral også vil medføra kostnader henta frå kommunane. Det vil også svekka fagmiljøa i kommuneNoreg. Hardangerrådet tilrår FAD å oppretthalda skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve og har tiltru til at kommunane løysar dette tilfredstillande.”

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet



Solfrid Borge
Rådsordførar



Leiv Vambheim
Dagleg leiar